

**Gruppetilbod til born og unge**

22.02.2015

**Kommunen har no gått ut med eit gruppetilbod til born og unge som har alvorleg sjukdom i familien eller lever med sorg. Tiltaket startar i mars og fyrste møte er i Gamleskulen 2. mars.  
Psykisk helsearbeidar Ingunn Sæverud Jensen eller kreftkoordinator Wanda Eliassen Medhus tek imot påmelding eller kjem med meir informasjon på 97 07 46 78 eller 95 24 75 06.**

Gruppa er for born og unge mellom 10 og 18 år, men det er eit visst slingringsmonn avhengig av behov og ynskje. Det er ikkje ei terapigruppe som vert etablert, men ein baserer seg på samtær, fellesskap og moro for unge som har liknande erfaringar.